



Barne- og familiedepartementet

v/ Anne Cathrine Dietz
Postboks 8036 Dep
0030 OSLO

330.00	ARK.
1	SIGN.
2004/04169	

-167

Deres ref.

Vår ref.

Arkivkode

Dato

AMO-05/00038-001

06.01.2005

HØRINGSUTTALE - NY BARNEHAGELOV

Uttalen er gjort i samarbeid mellom administrasjon, rektorar og barnehagestyrarar i Aure kommune:

Ad §3. Når det gjeld barns rett til mederknad, meiner vi dette ikkje bør lovvfestas i eigen paragraf. Formuleringane er runde og sikrar etter vår meining ikkje barns rett til å bli høyrd. Det ligg inne i lovverk over dette (FN's barnekonvensjon) at barn har rett til å bli høyrd. Å legge dette inn i loven, kan så tvil om at barnehagen inkluderer barnet på det nivået det er.

Ad §8. Kva tyder *eit tilstrekkeleg tal på barnehageplassar* ? Når det vidare i teksten står at *utbyggingsmønster og driftsformer skal tilpassast lokale forhold og* ,bør det presiserast kva *eit tilstrekkeleg tal på barnehageplassar* inneber.

Ad §18. Ordet *forsvarleg* er tolkbart, og det er ønskeleg med ein ordlyd som sikrar at barnehagen har ein styrar med førskolelætrarutdanning og at administrasjonsressursen blir vedtatt som forskrift.

Ad §19. At *bemanninga må vere tilstrekkeleg* ikkje er med og sikrar at barnehagen får ei bemanning slik den er i dag, men opnar for fleire plassar pr. tilsett, og dette meiner vi er uheldig når barnehagen skal vere eit pedagogisk tilbod.

Med helsing
AURE KOMMUNE


Anny - Marie Moen
ped. kons.

“Det er godt å bo i Aure”